

Kunstplan for det rehabiliterte fylkeshuset og nye Arkivhagen på Leikanger



Fylkeshuset på Leikanger



Arkivbygget: «Arkivhagen» på Leikanger

Innhald

Innleiing	3
Kunstutvalet	3
Om Leikanger	4
Skildring av fylkeshuset og brukarane.....	4
Skildring av Arkivhagen og brukarane	5
Den eksisterande kunsten i fylkeshuset.....	6
Kunstutvalets overordna idé og intensjon for den nye kunsten	6
Område for ny kunst fylkeshuset (delprosjekt 1)	7
Område for ny kunst på yttervegg, Arkivhagen (delprosjekt 2)	9
Skiftande utstillingar i korridor, 1. etasje i fylkeshuset (delprosjekt 3)	10
Metode for val av kunstnarar til nye kunstprosjekt (Delprosjekt 1 og 2)	11
Formidling.....	11
Budsjett.....	12
Framdriftsplan.....	13

Innleiing

«...Det er særleg viktig
å stimulere til å auke
interessa for og opplevinga av
vår eiga tids kunst...»
- Frå konklusjon i vedtak av
*Reglement for kunstnarleg utsmykking
av fylkeskommunale bygg,
Vestland fylkeskommune*

Leikanger er ein av dei tre administrasjonsstadane i Vestland fylkeskommune.

I kunstplanen blir staden og bygga nærare presenterte, i tillegg til brukarane av dei. Fylkeshuset har frå før ei ganske stor kunstsamling som har blitt teken vare på, og som har fått, og får, nye plasseringar etter renoveringa. Kunstutvalet har eit ønske om å få eit stort, nytt og permanent kunstverk i eller på kvart av bygga. Kunsten skal vere på høgt kunstnarisk nivå, av god kvalitet, og det skal takast omsyn til plassering, og staden der kunsten skal vere.

Eigedomsavdelinga i Vestland fylkeskommune har byggherrefunksjon og er ansvarleg for utbygging, forvaltning, drift og vedlikehald av dei fylkeskommunale eigedommane. Som i alle nybygg, større tilbygg og rehabiliterte bygg eigd av Vestland fylkeskommune, er det sett av 1,2 prosent av entreprisekostnaden til kunst i det rehabiliterte fylkeshuset og det nye arkivbygget «Arkivhagen» på Leikanger.

NSW Arkitektur frå Oslo, har laga teikningane for rehabilitering av fylkeshuset, og LAB Entreprenør har vore entreprenør der, for rehabilitering av eit totalt bruksareal på til saman 6995 m². Det meste av arealet er tatt i bruk. Slutføring av 2. etasje i B-blokk er under arbeid.

iVest Consult frå Florø har vore rådgjevande ingeniørar og arkitektar for Arkivhagen. Her blir det totale bruksarealet 2142 m². Arkivhagen blir teke i bruk om ikkje lenge, som eit arkiv for heile Vestland fylke.

Område der kunstutvalet ønskjer ny kunst blir skildra gjennom tekst, bilete og teikningar i kunstplanen. Her er også metode for val av kunstnarar, budsjett, litt om formidling, i tillegg til framdriftsplan for kunstprosjekta.

Kunstutvalet

- 1 representant for byggherre ved eigedomsavdelinga, prosjektleiarane
 - Arve Borlaug for fylkeshuset
 - Geir Afdal for arkivbygget
- 1 representant for avdeling for kultur og folkehelse: Marianne Ose Askvik
- 1 representant for brukarar/tilsette: Lena Søderholm
- 1 representant for arkitekt for bygget: Merete Hauge
- 1 representant for brukarar/drift av bygget– Tore Oddvin Stølen
- 1 kunstkonsulent/kunstfagleg rådgjevar og leiar for utvalet: Aud Marit Skarrebo Holmen

Om Leikanger

Leikanger var tidlegare ein eigen kommune i Sogn og Fjordane fylke, og fungerte då som administrasjonssenteret i fylket og var den einaste tettstaden i Noreg med slike fylkesdekkande tenester. Bygda med sine drygt 2300 innbyggjarar ligg langsmed nordsida av Sognefjorden, om lag midtvegs inn i Noregs lengste fjord. No er Leikanger saman med Balestrand blitt del av i Sogndal kommune i Vestland fylke, etter kommunesamanslåing og fylkesreform. Sogndal kommune har sentraladministrasjonen sin på Leikanger.

Leikanger er kjent for det gode klimaet sitt, og mange soltimar. Det har vore ein god stad for produksjon av frukt og bær tilbake i generasjonar, og ei god jordbruksbygd i årtusenar. Mellom frukthagane på Leikanger no ligg eldre og nyare embetshus, som på kvart sitt vis fortel historia om Leikanger som administrasjonssenter for fylke og stat.

Langt, langt tilbake i tid har Leikanger vore eit knutepunkt mellom fjord og land, strategisk plassert, med utsyn til både aust og vest. Bygda var kjend som ei kongebygd så langt tilbake som vikingtida (ca. 800 e. Kr.). Kongane hadde tilhald på Leikanger når dei reiste rundt i landet med hærane sine. Her var det òg høve til å skaffe mat av mange slag.

Det er fleire fornminne frå vikingtida (og tidlegare) på Husabø gravplass. Her er det utgravingar av over 1000 år gamle gravrøyser, og her er Noregs truleg høgste bautastein: Baldersteinen (ca. 8 meter høg).

Skildring av fylkeshuset og brukarane

Fylkeshuset på Leikanger ligg ved riksveg 13 og har adresse Askedalen 2, 6863 Leikanger. Bygget var nytt og blei teke i bruk i 1990. Det romma då det meste av administrasjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeshuset består av blokk A og blokk B, som er bunde saman med ein open vestibyle med glastak og ein tingsal med galleri.

A-blokka har eit bruksareal på til saman 4608 kvadratmeter fordelt på seks plan, medan B-blokka har eit bruksareal på 1883 kvadratmeter fordelt på tre plan. Vestibylen har eit bruksareal på 300 kvadratmeter, og tingsalen har 204 kvadratmeter. Begge blokkene er laga i betong og murstein.

Totalrenoveringa av fylkeshuset starta i 2023. Det trengde då naudsynt rehabilitering, oppgradering, effektivisering og ny solskjerming. Det har vore lagt vekt på gjenbruk, i tillegg til berekraftige og klimavenleg løysingar, og bruk av alternativ og miljøvenleg energi.

I det rehabiliterte bygget blei dei fylkeskommunale tilsette, med arbeidsstad i Leikanger, samla under same tak då bygget blei teke i bruk igjen 24.10.24. Dei tilsette arbeider innanfor

- IKT og digitalisering
- kultur og folkehelse
- mobilitet og kollektivtransport
- eigedom og utbygging
- opplæring og kompetanse
- næring, plan og innovasjon
- infrastruktur og veg
- organisasjon og økonomi

Det skal òg vere plass til politikarar og hovudtillitsvalde som treng mellombelse arbeidsplassar i Leikanger.

Bygget har blitt meir arealeffektivt, og det er godt lagt til rette for samhandling gjennom opne arbeidssoner, møterom, prosjektsoner, sosiale soner og fasilitetar som kantine, trimrom og garderober. Det er ca. 250 arbeidsplassar med tilgjengelege solokontor, men med svært få faste kontorplassar. Firdasalen ligg sentralt plassert i fyrste etasje i bygget, nær vestibylen og resepsjonen, og blir jamleg brukt til møte i fylkeskommunale utval og enkelte møte i fylkestinget. Salen kan òg tingast og brukast av nærmiljøet i Leikanger.

B-blokka i fylkeshuset skal vere ferdig ombygd medio 2025.

Skildring av Arkivhagen og brukarane



«Arkivhagen» sett frå fylkesveg 5609, frå sør-vest.

Arkivbygget på Leikanger, som har fått namnet Arkivhagen, er no under slutføring. Arkivhagen ligg ved Njøsavegen på Leikanger.

Arkivhagen skal vere eit arkivbygg for heile Vestland fylke, med brutto grunnareal på ca. 1310 kvadratmeter. Arkivkapasiteten på nybygget vert om lag 20 000 hyllemeter. Det er òg planar om å leige ut arkivplass til kommunar i Vestland som har bruk for det.

Sjølv eksteriøret i bygget står fram som ganske lukka. Det er berre kontordelar og mottaksområdet som har vindauge. Bygget får mellom anna fleire mottaksrom, venterom, saneringsrom, fryserom, rom for kvilande arkiv, bruksarkiv og arkiv-depo (i to høgder), ulike foto-, film- og digitaliseringsrom, rom med arbeidsstasjonar og kontor, personalrom, rom for drift, reinhald og avfall, i tillegg til garderober og sanitærfasilitetar.

Det vil ikkje bli fast stasjonerte tilsette i det nye arkivbygget. Men tilsette knytt til seksjon arkiv vil i periodar arbeide i bygget, i tilrettelagde romløyisingar som nemnt over, for registrering, førebuingar og arkivering av innkomne materiale.

Den eksisterande kunsten i fylkeshuset

«For prosjektet på fylkeshuset ligg det eit særskilt ansvar for å kartlegge og ta vare på/ev. rehabilitere eksisterande kunst som høyrer til på huset.»

Mykje av kunstsamlinga er gåver og prisar Sogn og Fjordane fylkeskommune og fylkeshuset har motteke i gjennom åra. Men det blei òg kjøpt inn ny kunst til opninga av fylkeshuset i 1990, og mykje kjem frå tida rundt opninga.

Kunstverka er fotografert, teke mål av, og det er om mogleg registrert kunstnar, tittel, produksjonsår, teknikkar og materiale. Tilstanden til kunstverka er òg vurdert og registrert. Ca. 200 verk vert nytta vidare.

Ein god del av kunsten er send til reinsing, vedlikehald og ny innramming. Resten blir forsiktig reinsa og sett over før ny plassering. Det blir teke omsyn til ønske frå tilsette ved plassering av den eksisterande kunsten. Men det vil òg bli nye plasseringar av ein betydeleg del av kunstsamlinga. Fellesareal blir prioriterte, i tillegg til kontor og soner med lite eller ingen utsikt.

Liste over eksisterande verk med nye plasseringar vil overleverast til fylkeskommunen.

Kunstutvalets overordna idé og intensjon for den nye kunsten

Kunsten skal vere på høgt kunstnarisk nivå og av god kvalitet. Det er eit mål at kunsten kan tilføre rom og omgjevnader nye dimensjonar og tydingar. Kunsten kan gje brukarar og besøkande nye perspektiv, tankar og kjensler.


I Kultur bygger samfunn, regional plan for kultur 2023–2035 står det mellom anna: «Det er avgjerande å bygge ned barrierar for å oppleve kunsten. Arbeidet med kunst i offentlege rom er viktig for at allmenta får høve til å møte ulike typar kunst i heile fylket.»

Område for ny kunst fylkeshuset (delprosjekt 1)

Det er få store veggflater i det nyrenoverte fylkeshuset. Kunstutvalet ønsker eit nytt, større verk som kan vere tilgjengeleg for mange.

Stad for ny permanent kunst:

Sør-austleg vegg i Firdasalen (tingsalen), som ligg i fyrste etasje i fylkeshuset. Tingsalen har bruksareal på 204 kvadratmeter og har galleri med rekkverk i glas. Veggane i salen er i malt betong og mur, det er skifer på golvet, eikespiler i himling i taket og delvis på rekkverk utanfor rekkverket av glas på galleriet.




Nettomål disponibel veggplass for kunst på betongveggen:

- Frå overkant radiatorar til himling: 4,1 m
- Frå vegghengt skjerm galleri til dørkarm: 7,7 m

Det kjem ikkje direkte sollys inn på den aktuelle vegg, då vindauga som går over to etasjar på vegg mot aust alltid har føre lamellar eller gardiner. Rommet blir lyssett av røyr i taket som har dimmefunksjon. Det er radiatorar montert nedst på den aktuelle vegg. Men det er ikkje noko sterk varme frå desse.



På denne sør-austlege vegg er det plass til eit stort kunstverk, gjerne i lyd-absorberande materiale, som til eksempel tekstil. Rommet har noko utfordringar med tanke på gjenklang under digitale overføringar. Eit større verk på denne vegg vil òg kunne gjere rommet visuelt lunare.

Eit permanent verk av Britt Smelvær har sin faste plass i rommet, som vist i bilete på neste side. Eit nytt permanent verk i dette rommet må passe inn med dette verket, og i eksteriøret som finst i rommet.



Planteikning over Firdasalen, og plasseringa av salen i 1. etasje i fylkeshuset. Vindauga til høgre i salen vender rett mot aust.

Under og til høgre er verket til Britt Smelvær som er permanent montert på vegg til høgre (mot sørvest). Det er laga av skifer, tre plast og aluminium.



Område for ny kunst på yttervegg, Arkivhagen (delprosjekt 2)

Vegg mot vest
på Arkivhagen.
Raud ring rundt
området
Som er aktuelt
for kunstverk.




Kunstutvalet ønskjer her eit nytt, større verk som kan vere tilgjengeleg for flest mogleg. Allmenheita har ikkje fri tilgang inne i det nye arkivbygget, som har fått namnet Arkivhagen.

Kunstutvalet har valt følgjande område for permanent kunst utanpå den nye Arkivhagen:

Vestvendt vegg utanpå bygget, med inngangen for varemottak rett rundt hjørnet. Dette området er ut mot fylkesveg 5609, som er tilkomst til bygget.

På denne vegg, som er 464,0 cm høg, ønskjer kunstutvalet eit kunstverk i form av eit blikkfang. Denne delen av fasaden er kledd med Moelven værbitt tre-bekledning, farge gråna. Denne må få puste. Området for ny kunst er til høgre for rada med vindaug, ut til hushjørnet, og måler 567,7 cm. I tillegg til trekledning er bygget kledd med Parroc/Sandwichpanel Mountain Grey RR23.


Ein ønskjer her eit verk som kan monterast fast med ein avstand til vegg, i materiale som krev lite vedlikehald, og som held seg godt. Ein ønskjer ikkje verk med lyd og lys, eller måling på vegg. Verket må vere robust, passe til omgjevnadane, proporsjonane og materiala i bygget, og det må tole ver og vind godt. Kunstnaren som blir engasjert dekkjer òg utgifter til montering av eige verk. Monteringa skal skje i dialog med eigar av bygget.



Skiftande utstillingar i korridor, 1. etasje i fylkeshuset

(delprosjekt 3)

Som eit prøveprosjekt vil Sogn og Fjordane Kunstsenter (i Førde) få i oppdrag å kuratere, produsere og administrere to utstillingar i korridorområda nær kantina, og utanfor Firdasalen, i 1. etasje i fylkeshuset. Dette er eit ønske formidla frå dei tilsette ved huset og vil vere eit prøveprosjekt på eitt år. Om ein ønskjer vidareføring av slike skiftande utstillingar i dette området etter prøvetida, blir finansieringa av dette ei sak mellom Vestland fylkeskommune og Sogn og Fjordane Kunstsenter.



Delprosjekt 3 er med å oppfylle delmål 1 «Kulturelle kraftsenter skal utvikle regionale kvalitetar og ressursar» i Vestland fylkeskommune sitt handlingsprogram 2023–2026, til den regionale planen Kultur bygger samfunn.

Metode for val av kunstnarar til nye kunstprosjekt

(Delprosjekt 1 og 2)

Ope prekvalifisering der kunstnarar blir bedne om sende inn inntil ti foto av relevante prosjekt dei har gjennomført, CV, kort presentasjon av eigen kunstnarskap og motivasjon for å lage permanent kunst til fylkeshuset eller Arkivhagen på Leikanger (frist 1. august 2025).

Tre kunstnarar blir trekte ut til konkurranse til delprosjekt 1, og tre til delprosjekt 2. Desse seks kunstnarane blir bedne om å lage forslag til stadseigna kunstverk innanfor den økonomiske ramma som er sett for kvart prosjekt. Kunstutvalet ønskjer 3D-modell eller gode 3D-teikningar av forslaga, i tillegg til spesifikasjon av kva slags materiale som skal brukast, ca. mål, og gjerne teikning av kunstverk sett inn i foto av staden det skal vere. Det må følgje budsjett med konkurranseforslaga. Dei som får vere med i konkurransen må kunne ferdigstille kunstverket sitt på staden til estimert tidsfrist, innan utgangen av 2026.

Konkurransen vil bli honorert med 35 000 kr til 2. og 3. plass. 1. plassane får oppdraga. Levering av konkurranseutkast/modellar frå kunstnarane: 1. desember 2025.

Kunstutvalet kan velje kunstnar/kunstnarar til direkte oppdrag eller til idékonkurransar på fritt grunnlag.

Utlysinga vil bli annonsert gjennom digitale forum, på nettsida til fylkeskommunen og via regionale og nasjonale informasjonskanalar for profesjonelle kunstnarar.

Formidling

Det vil bli sett opp skilt med informasjon nær den nye kunsten i offentlege rom.

Det blir òg ei orientering om kunsten ved opninga av dei nye kunstverka og replasseringa av eksisterande verka. Elles informasjon til presse, og på Vestland fylkeskommune sine heimesider, om kunst i offentlege rom. Den nye kunsten vil bli fotodokumentert.

Budsjett

Budsjettramme, eks. mva	1 968 000
Kunstkonsulent, (inntil 10 %), eks. mva	196 800
Kunstprosjekt fylkeshuset og Arkivbygget	1 771 200
Konkurranssekostnader	
Honorar (4 stk. à kr. 35 000,-), reisegodtgjersle o.a.	170 000
Delprosjekt 1	
Kunstprosjekt i Firdasalen, fylkeshuset	450 000
5% BKH-avgift	22 500
Delprosjekt 2	
Verk utanpå Arkivhagen	450 000
5% BKH-avgift	22 500
Delprosjekt 3	
Prøveprosjekt m/utstillinger i foajé-området i fylkeshuset i regi av kunstnarsenteret i Sogn og Fjordane (KSF)	100 000
Eksisterande kunst, fylkeshuset	
Reparasjon, montering, anna (rammeverkstad)	100 000
Utstyr og reingjeringsmidlar til kunst	8 000
Reins/stell av 2 teppe	15 000
Vask/reins av skulpturar utandørs	15 000
Vedlikehald, reins og anna (arbeid utført av kunstkonsulent i hht kontrakt)	250 000
Fotodokumentasjon, formidling, skilt	30 000
Opningsmarkering	30 000
Reserve/uføresette utgifter	108 200
Til nye kunstprosjekt, begge bygg	1115 000
Til skiftande kunst fylkeshuset i regi av KSF	100 000
Utgift eksisterande kunst, foto, skilt formidling, opning	448 000
Reserve (ubrukte reservemidlar kan brukast til innkjøp av enkeltverk frå profesjonelle kunstnarar)	108 200

Framdriftsplan

Oppstart kunstutval	3. februar 2025
Kunstutvalet vedtek kunstplanen	6. mai 2025
Utlysing til open prekvalifisering	Medio mai 2025
Søknadsfrist prekvalifisering	1. august 2025
Val av kunstnarar for konkurransar	26. august 2025
Synfaring med kunstnarar	September 2025
Levering av konkurranseutkast frå kunstnarane	1. desember 2025
Juryering av utkast til Delprosjekt 1 og Delprosjekt 2	10. desember 2025
Inngåing av kontraktar med kunstnarane for konkrete prosjekt	Primo januar 2026
Kunstnarane ferdigstiller dei konkrete kunstprosjekta.	Innan utgangen av 2026

2 vedlegg